



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

Statsråden

Distriktssenteret - Kompetansesenter for distriktsutvikling
Ogdalsveien 2

7713 STEINKJER

Dykkar ref

Vår ref
11/49-1 KON

Dato
04.02.11

**Statsbudsjettet 2011 - Kap. 554, post 01 - Kompetansesenteret for
distriktsutvikling, driftsutgifter - Tildelingsbrev**

1. Innleiing

Kommunal- og regionaldepartementet følger opp Stortinget sine vedtak og føresetnader gjennom dette tildelingsbrevet, jf. Innst. 16 S (2010-2011) og Prop. 1 S (2010-2011) for Kommunal- og regionaldepartementet. Tildelingsbrevet skal vise kva for satsingsområde og mål som blir gjeldande i 2011.

2. Disponible rammer og løyvingar

Tabell 1. Oversikt over midlar som blir stilte til disposisjon for verksemda i 2011.

Kap.	Post	Namn	Sum i 1000 kr
554	01	Driftsutgifter	26 700

Distriktssenteret skal ikkje forvalte verkemiddel i form av lån, tilskot e.l. Det er ikkje budsjettert med inntekter til senteret. Dersom senteret likevel har inntekter, får verksemda fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 554, post 01 Driftsutgifter mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3554, post 01 Diverse inntekter, jf. Innst. 16 S (2010-2011) romartalsvedtak V.

Distriktssenteret si rapportering på dei fastsette måla skal synleggjere måloppnåinga for dei oppgåvene, midlane og fullmaktene som er delegerte til Distriktssenteret. Midlane skal nyttast på ein effektiv og forsvarleg måte.

3. Dei overordna måla for distrikts- og regionalpolitikken til regjeringa i 2011

Dei overordna måla for distrikts- og regionalpolitikken til regjeringa er nedfelte i St.meld. nr. 25 (2008-2009) *Lokal vekstkraft og framtidstru – Om distrikts- og regionalpolitikken*. Regjeringa ønskjer å gi folk reell fridom til å velje kvar dei vil bu, sikre likeverdige levekår og ta ressursane i heile landet i bruk. Regjeringa vil halde oppe eit spreidd busetnadsmønster som sikrar verdiskaping i heile landet og tek vare på viktige kulturelle og historiske verdiar som er sentrale for eigenarten i landet. Regjeringa vil styrkje den lokale og regionale vekstkrafta i område med låg økonomisk vekst, lang avstand til større marknader, einseitig næringsstruktur og stagnasjon eller nedgang i folketalet. Regjeringa vil leggje til rette for å styrkje og utnytte verdiskapings- og kompetansemiljøa i heile landet for å fremme innovasjon og verdiskaping i byane og distrikta. Samspelet mellom by og land er viktig for norsk næringsutvikling.

I 2011 legg departementet opp til ei vidareføring av dei regionale utviklingsmidlane til fylkeskommunane på same nivå som i 2010. Det blir lagt til rette for ein auke i løyvingane til dei kommunale næringsfonda. Departementet føreset at løyvinga til dei kommunale næringsfonda blir teken i bruk ved at alle midla blir tildelt kommunar eller regionråd.

Departementet ønskjer at Distriktssenteret, i samråd med fylkeskommunane, skal vurdere kva konkrete samarbeidsområde som skal prioriterast og kva tiltak som skal gjennomførast. Utgangspunktet for samarbeidet vil vere fylkeskommunale prioriteringar i planar og program, og strategiplanen til Distriktssenteret o.a.

Satsingar i 2011

Arbeidet med attraktive lokalsamfunn blir prioritert høgt også i 2011. Departementet starta i 2010 eit program for å stimulere til bulyst i distriktsområde med midlar til lokale og regionale utviklingstiltak. I 2010 blei det sett av 32 mill. kroner til Bulyst, og i 2011 er det sett av 47 mill. kr til Bulyst. Arbeidet med lokal samfunnsutvikling (LUK) blei styrkt i 2010 gjennom ei satsing som skal gjere kommunane til sterkare aktørar for samfunnsutvikling og gi fylkeskommunane betre kapasitet til å støtte kommunane i arbeidet deira. Dette arbeidet held òg fram i 2011.

4. Nærmare om måla og oppgåvene til Distriktssenteret

Distriktssenteret skal vere ein kunnskaps- og erfaringsbase og støttespelar for eit heilskapleg og berekraftig utviklingsarbeid i distriktsområda. Distriktssenteret skal:

- hente inn og formidle kunnskap frå prosjekt for utvikling av attraktive lokalsamfunn
- inspirere lokale utviklingsaktørar gjennom å hente inn, samanstille og formidle erfarings- og forskingsbasert kunnskap
- vere etterspurt og nyttig for brukarane
- vere ein premissleverandør for utvikling av distrikts- og regionalpolitikken
- samarbeide med andre aktørar innanfor distrikts- og regional utvikling

Målgrupper og samarbeid

Gjennom å samarbeide med kommunar, fylkeskommunar, Innovasjon Noreg, SIVA, andre regionale aktørar og eldsjeler skal Distriktssenteret ha rolla som heilskapleg nasjonal kunnskapsbase, og sikre overføring av kunnskap og erfaringar frå vellykka utviklingsarbeid på tvers av fylke og over tid.

Kvinner, unge og innvandrarar er viktige målgrupper i distrikts- og regionalpolitikken og i mange av satsingane som Distriktssenteret skal få fram læring om.

Distriktssenteret skal ikkje drive forskings- og utgreiingsarbeid sjølv, men ha ei bestillarrolle og samarbeide med relevante FoU-miljø om å skaffe relevant dokumentasjon og ny kunnskap.

Nettstaden www.distriktssenteret.no

Ein sentral kommunikasjonskanal for Distriktssenteret er nettstaden www.distriktssenteret.no. Nettstaden inneheld kunnskap knytt til lokal samfunnsutvikling, og gir oversikt over møteplassar, litteratur, nettverk, program, organisasjonar, verktøy og ressurspersonar innan dei ulike tema. Departementet legg til grunn at det blir arbeidd kontinuerleg for å gjere nettstaden aktuell og nyttig for målgruppene til Distriktssenteret. Dette krev god kunnskap om behova til målgruppene og også oversikt over kva andre aktørar tilbyr, og korleis tenestene til Distriktssenteret kan utfylle det.

Distriktssenteret skal offentleggjere sine eigne vurderingar av lokalt utviklingsarbeid på nettstaden. Det er viktig at desse vurderingane er godt fagleg funderte. Nettstaden skal både innehalde gode døme til etterfølging, og informere om prosjekt som har vore mindre vellykka. Dette kan gjelde måloppnåing, forankring og organisering. Nettopp gjennom å formidle erfaringar kan Distriktssenteret kome i dialog med brukarane sine, og bidra med nyttig kunnskap. Det er stor etterspørsel etter kunnskap om vellykka prosjekt. Ein kan òg få nyttig kunnskap frå mindre vellykka prosjekt, og det er viktig at denne kunnskapen også blir tilgjengeleg gjennom nettstaden.

Omdømmearbeid

I 2009 overtok Distriktssenteret oppgåver frå Kommunal- og regionaldepartementet innanfor området omdømmearbeid. Det er sett i gang evalueringar av omdømmeskolen. I 2011 er det viktig at den vidare innsatsen byggjer på dei tidlegare erfaringane og etterspørselen frå kommunane. Det er ønskeleg at Distriktssenteret kan tilby omdømmeskole også i 2011.

Møteplassar

Også i 2011 skal Distriktssenteret vidareføre det gode arbeidet som er gjort i 2009 og 2010 for å medverke til nettverksbygging, erfaringsoverføring og synleggjering av innsats for utvikling av lokalsamfunn. Her skal Distriktssenteret både ta i bruk

eksisterande møteplassar for kommunar og andre aktørar som er engasjerte i utvikling av lokalsamfunna, og skape nye møtestader av same slaget.

Innflyttarar

Distriktssenteret skal vidareføre dialogen med Kommunal- og regionaldepartementet, IMDI og Arbeids- og inkluderingsdepartementet om korleis ein kan utvikle informasjon til kommunar og deltakarane i lokale- og regionale samarbeidsprosjekt når det gjeld inkludering av nye innflyttarar, mellom anna innvandrarar.

Lokal samfunnsutvikling i kommunane (LUK)

Distriktssenteret er ein samarbeidspartnar i satsinga for å styrkje kommunane si rolle som samfunnsutviklarar. Dei fylkeskommunane som er med i satsinga, har hovudansvaret for å setje den i verk. Distriktssenteret skal vere ein støttespelar og ein ressurs for fylkeskommunane og kommunane, når satsinga skal konkretiserast og gjennomførast. Departementet, følgjeforskarar, fylkeskommunane og Distriktssenteret må i samarbeid definere behov og gode arbeidsmåtar i praksis. Arbeidsmåtene kan variere frå fylke til fylke. I Distriktssentret si rolle som rettleiar ligg det også eit ansvar for å stø opp om formidling av kunnskap frå følgjeforskarane til dei prosjektansvarlege i fylkeskommunane, slik at det går føre seg god læring i heile prosjektperioden.

Bulyst

Kommunal- og regionaldepartementet ønskjer å involvere Distriktssenteret i arbeidet med Bulyst i 2011, både når det gjeld kunnskapsbygging og formidling. Distriktssenteret skal presentere Bulystprosjekta på si heimeside og skal ha ei sentral rolle som rettleiar for Bulystprosjekta.

Samarbeid om kunnskapsgrunnlaget for lokal og regional utvikling

Det er ynskjeleg å sjå utgreiingskapasitet og budsjett til kjøp av FOU- utgreiingar i departementet og i Distriktssenteret i samanheng. Departementet ynskjer eit tett samarbeid med Distriktssenteret ved bestillingar av eigne utgreiingar og også bli involvert ved bestillingar Distriktssenteret gjer som er av interesse for departementet.

Distriktssenteret skal jamleg registrere gjennomførte evalueringar på www.evalueringportal.no.

5. Intern administrasjon, økonomi, internkontroll og risikostyring

Etiske retningslinjer

Vi viser til etiske retningslinjer for statsforvaltninga som er fastsett og sendt ut til alle statlege verksemder saman med PM 16/2005. Det er leiinga i den enkelte verksemd som må følgje opp retningslinjene og ta initiativ for å fremje det etiske medvitnet hos dei tilsette.

Økonomi og budsjett

Budsjettet skal jamleg følgjast opp. I 2010 hadde Distriktssenteret eit relativt stort underforbruk. Departementet ynskjer difor at Distriktssenteret gjer ein ekstra innsats i 2011 for å planlegge innsatsen endå betre. Departementet ber om at Distriktssenteret rapporterar om økonomisk status i samband med styringsmøta. Sjå rapporteringskalenderen for fristar.

Risikovurdering og Internkontroll

Departementet ber Distriktssenteret om å gjennomføre og arbeide aktivt med risikoanalysar som eit ledd i si interne styring. Distriktssenteret skal dokumentere årlege risikovurderingar på eit overordna nivå. Eventuelle vurderingar som syner høg risiko for at mål ikkje kan nåast, skal ha med ein omtale av kva tiltak ein kan setje inn for å redusere risikoen. Endringane i risikovurderinga skal gå fram av rapporteringa knytt til styringsmøta og skal vere fast tema i styringsmøta. Departementet skal haldast orientert ved eventuelle uventa endringar i risikobiletet. Ved avvik på viktige politiske og forvaltningsmessige område skal verksemda rapportere til departementet umiddelbart. Risikoanalysen skal i hovudsak relaterast til målstrukturen i verksemda, dvs dei arbeidsmåla som er fastsette i den strategiske plattformen. Risikovurderingsarbeidet skal integrerast i mål- og resultatstyringa.

Strategiplanar og større utviklingstiltak i verksemda skal alltid byggje på eller innehalde risikovurderingar.

Distriktssenteret skal sende departementet ein risikoanalyse innan 30. mars 2011.

Distriktssenteret skal ha system og rutinar for internkontroll. Effektive interne kontrollsystem skal sikre at fastsette mål- og resultatkrav vert følgt opp, at ressursbruken er effektiv, og at verksemda vert driven i samsvar med god forvaltningsskikk, gjeldande lover, forskrifter og retningslinjer. Det er viktig å førebygge moglege misleghald. Departementet viser vidare til krava til intern kontroll i økonomiregelverket i staten.

Distriktssenteret skal følgje lov og forskrift om offentlige anskaffingar.

Som et ledd i mål- og resultatstyringsarbeidet skal departementet og Distriktssenteret i 2011 arbeide med å utvikle gode styringsparametrar.

Distriktssenteret skal informere departementet om vesentlege avvik frå vedtekne planar eller tildelingsbrev når Distriktssenteret får kjennskap til slike avvik. Distriktssenteret skal fremje forslag til moglege korrigerande tiltak.

Distriktssenteret skal sende kopi til departementet av all korrespondanse verksemda har med Riksrevisjonen.

Styringsmøta

Styringsmøta skal handle om resultat- og måloppnåing. Dei satsingsområda som er peikte ut, skal stå mest i sentrum i styringsmøta. Vidare skal møta nyttast til å utveksle informasjon om arbeid som går føre seg og andre aktuelle saker i Distriktssenteret. Rapportering og dokumentasjon til møta skal oversendast minimum to veker før møtetidspunktet.

Departementet kallar inn til møta og leier dei og er ansvarleg for dagsorden og referat. Departementet sender referata frå styringsmøta til Distriktssenteret med kopi til Riksrevisjonen.

6. Rapportering

Halvårsrapport 2011

Halvårsrapport skal oversendast departementet 9. august og skal innehalde desse punkta:

- satsingsområda og hovudmåla for 2011 med særleg vekt på
 - eventuelle avvik
 - graden av måloppnåing
- økonomisk status
- ei oversikt over utgreiingar som Distriktssenteret har ansvaret for, og der saker av politisk interesse er markerte
- Dersom Distriktssenteret planlegg vesentlege endringar i verksemda si eller tek i bruk nye IKT- system, skal dette gå fram.

Årsrapport 2010

Distriktssenteret skal utarbeide årsrapport for 2010. Departementet vil sørge for at rapporten blir sendt vidare til Riksrevisjonen.

I årsmeldinga skal Distriktssenteret presentere ei vurdering av året som har gått. Det skal og vere ei omtale og ei vurdering av måloppnåinga og dessutan ein omtale av HMS-arbeidet, sjukefråværet, likestillingsarbeidet, arbeidsmiljøet, samfunnstryggleik og beredskap o.a. Departementet ber om at det blir rapportert om tiltak som er sette i verk eller som ein planlegg i samband med reduksjon av sjukefråværet og fremming av likestillinga. Alle statlege verksemdar skal i årsrapporten rapportere om dei har gjennomført brukarundersøkingar og gjort dei offentleg tilgjengelege.

7. Kommunikasjon og informasjon

Alle verksemdar skal ha eit system for aktiv kommunikasjonsverksemd. Det gjeld intern kommunikasjon, ekstern kommunikasjon i høve til sine målgrupper og kommunikasjon i høve til departementet.

Kommunikasjonsarbeidet til Distriktssenteret skal støtte opp under strategiane til verksemda og vere baserte på gjeldande regelverk, som den nye offentleglova, den nye

statlege kommunikasjonspolitikken og forvaltningslova. Openheit og tilgjengelegheit er viktige prinsipp. Det er og viktig at Distriktssenteret er lydhøyrte og fangar opp signal i samfunnet som gjeld verksemda, og nyttar dette aktivt i kommunikasjonsarbeidet.

Distriktssenteret skal orientere departementet i god tid før senteret offentleggjer viktige utgreiingar eller rapportar som ein har utført eller bestilt. Varslingsrutinar som er etablert må følgjast. Det gjeld særleg saker som kan bli store, både gode og vanskelege eller kontroversielle mediasaker, eller saker som skaper stor merksemd i det offentlege. Distriktssenteret skal ha tilfredsstillande planar for krisehandtering, også krisekommunikasjon, der kontakten med departementet vil vere ein viktig del. Det blir forventa at Distriktssenteret synleggjer resultat ein har oppnådd på sitt politikkområde, og at ein tek kontakt med KRD for å få avklara om den politiske leiinga skal vere med på synleggjeringa.

8. Informasjonstryggleik

Departementet er i gong med etablering av eit IKT- informasjonstryggleiksstyringssystem (ISMS) basert på ISO 27001/27002. Overordna IKT- tryggleikspolicy er på plass, samt at det er starta utarbeiding av retningslinjer og malar for einskapleg identifikasjon, klassifisering og risikostyring av informasjonsaktiva. Departementet ynskjer å tilby desse styringsverktøya til underliggjande verksemdar når desse er ferdigstilt. Bruk av desse verktøya vil kunne bidra til at sektoren får ein meir einskapleg IKT- tryggleiksstyring.

- Etatane skal som system- og informasjonseigar ha et dokumentert styringssystem for informasjonstryggleik.
- IKT- system og informasjon skal klassifiserast og risikovurderast for å sikre omsynet til konfidensialitet, integritet og tilgjenge.
- Nye IKT- system / løysningar skal, før dei vert sett i drift, testast for sårbarheit og ivaretaking av omsynet til konfidensialitet, integritet og tilgjengelegheit.
- Det tilrås at sikkerheitsarbeidet følgjer anerkjente standardar, som ISO 27001/27002.
- Hendingar som truar eller kompromitterar IKT- tryggleiken skal rapporterast. Informasjonstryggleiksstyring vil bli eit tema i styringsdialogen.

9. Likestilling og mangfald

Likestillingsloven § 1a, diskrimineringsloven § 3a, diskriminerings- og tilgjengeloven § 3 og arbeidsmiljøloven kap. 13 inneheld eit krav til offentlege styresmakter og offentlege verksemdar om å gjere greie for likestilling og mangfald i verksemdene. Dette skal innarbeidast i årsrapporten til departementet og i Prop. 1 S.

Fornyings-, administrasjons- og kirkedepartementet har gitt ut ein ny rettleiar – *”Veileder til statlige virksomheters likestillingsredegjørelser etter aktivitets- og rapporteringsplikten.”* Departementet ber verksemdene følgje rettleiaren for si rapportering. Rettleiaren er vedlagt.

Den enkelte verksemd må sjølv vurdere i kva grad det er hensiktsmessig for verksemda å rapportere på alle indikatorane. Rapporteringa bør ha ei kort forklaring på eventuelle ujamne forhold. Det skal også gjerast greie for tiltak som er sett i verk eller planlagt sett i verk for å fremme likestilling og mangfald.

Mal som skal nyttast ved likestillingsrapporteringa for 2010 frå den enkelte verksemd

Departementet ber verksemdene nytte *Tabell 1: Registreringsskjema for tilstandsrapportering (kjønn)* (side 12-13 i rettleiaren) i staden for tidlegare nytta mal. Stillingskategoriar skal følgje staten sine lønsplanar. Verksemda vel sjølv kva slags stillingskategoriar dei ønskjer å nytte. Departementet har valt å slå saman stillingskategori 1-3 til ein kategori for saksbehandlarar (også inkl. kontortilsette). Avvik og spesialstillingar vert forklart i fotnote. For rapporteringskriterium som verksemda ikkje har data for settes ein strek.

Rapportering i høve til aktivitetsplikta på sektoren sitt styresområde

Aktivitetsplikta i nemnde lovar pålegg offentleg styresmakt å arbeide aktivt, målretta og planmessig for å fremme likestilling og mangfald på alle samfunnsområder.

Statlege fellesføringar for 2011

10. Inkluderande arbeidsliv

IA- avtalen krev at deltakande verksemdar skal førebygge og redusere sjukefråvær, styrke jobbnærvær og hindre utstøying og bortfall frå arbeidslivet. Verksemda skal sette aktivitets- og resultatmål for å redusere sjukefråværet, auke sysselsetting av personar med nedsett funksjonsevne, og stimulere til at yrkesaktivitet etter fylte 50 år forlengast med seks månader.

Verksemda skal i årsrapporten systematisk skildre sine egne aktivitets- og resultatmål, samt gjere greie for resultatoppnåing og dei aktivitetane som støttar opp under denne.

11. Brukarundersøkingar

Alle statlege etatar skal innanfor ramma av budsjettet regelmessig gjennomføre brukarundersøkingar. Resultata skal være offentlege.

Alle statlege verksemdar skal i årsrapporten rapportere om dei har gjennomført brukarundersøkingar og gjort dei offentleg tilgjengelege. Dei som ikkje gjennomfører brukarundersøkingar i 2011, skal rapportere om når slike undersøkingar vil finne stad. Overordna departement vidaresender rapporteringa samla til FAD så snart som mogleg i 2012.

12. Lærlingar i staten

Den enkelte verksemd skal vurdere kva lærefag som kan være aktuelle for verksemda. På bakgrunn av denne vurderinga bør det, innanfor verksemda sine rammer, leggjast til rette for inntak av lærlingar med mål om auke av talet på lærlingar samanlikna med 2010.

Kvar verksemd skal i årsrapporten rapportere om kva lærefag som blir vurderte som

aktuelle og tal for lærlingar fordelt på lærefag. Vi viser elles til Statens personalhandbok kap. 9.10 Særavtale om lønns- og arbeidsvilkår for lærlingar og lære kandidatlar i staten.

13. Statistikk for talet på arbeidsplassar

Underliggende verksemdar skal i sine årsrapportar omtale statistikk over utviklinga i talet på arbeidsplassar i dei deler av landet kor verksemda er lokalisert.

14. Tilgjengeleggjing av offentlege data

Verksemda skal gjere eigna og eksisterande rådata tilgjengelege i maskinlesbare format. Dette gjeld informasjon som har samfunnsmessig verdi, som kan vidarebrukast, som ikkje er underlagt teieplikt og der kostnadane ved tilgjengeleggjing er vurdert å være beskjedne (bortfall av inntekter ved sal av data er rekna som ein kostnad). Format og bruksvilkår må vere i tråd med Referansekatalogen og FAD sine føringar på nettstaden data.norge.no. Informasjon om kva rådata som er tilgjengelege, skal publiserast på verksemdas nettside. Dette bør sjåast i samanheng med registrering av datasett på nettstaden data.norge.no.

Etatar som vurderer å etablere nye eller å oppgradere eksisterande publikumstenester med utgangspunkt i rådata, skal normalt gjere desse rådata offentleg tilgjengelege i maskinlesbare format, dersom ingenting er til hinder for slik tilgjengeleggjing av rådata. Før verksemda eventuelt sjølv etablerer nye publikumsløysingar med grunnlag i rådata, må det vurderast om det er meir kostnadseffektivt å gjere rådata tilgjengeleg i maskinlesbare format som grunnlag for at andre kan utvikle tenester. Det skal gå fram av årsrapporten kva data som er gjort tilgjengelege. Dersom publikumstenester blir etablert utan tilgjengeleggjing av rådata, skal dette grunnleggjast i årsrapporten.

Departementet ser fram til eit godt og konstruktivt samarbeid med Distriktssenteret i 2011.

Med helsing

Liv Signe Navarsete

Vedlegg:

1. KDU's styrings- og rapporteringskalender
2. Delegering av budsjettfullmakter
3. Delegering av personalfullmakter
4. Veileder til statlige virksomheters likestillingsredegjørelser etter aktivitets- og rapporteringsplikten

Kopi til:

Riksrevisjonen

